

SOFIE ARNEBERG

Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2006 Statistikk



Statistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn over antal utgitte bøker for barn i Skandinavia, og eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2006. (Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2007 ikkje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk.) Kolonnane for 1990, 2004 og 2005 gir perspektiv til tala frå 2006. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunns materialet for statistikken er i hovudsak NBIs eiga boksamling (bibliotek katalogen er tilgjengeleg på www.barnebokinstituttet.no). I tillegg er det nytta ei utskrift frå Nasjonalbibliografien og ulike forlagskatalogar i tilfelle der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei med i samlinga si pr. 1.12. 2007.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitte i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, TL-klubben og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet. Desse bokklubbane og somme av dei religiøse forlaga har ein stor andel omsetjingar mellom utgivingane sine. Av den


grunnen vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, særskilt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.

NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Norge skil seg frå Bransjestatistikken til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangrar 1990, 2004, 2005 og 2006

SJANGER/ÅR	1990	2004	2005	2006
Antologiar	6	7	5	8
Biletbøker	185	204	190	248
Dramatikk	1	1	1	2
Eventyr	11	8	19	10
Fagbøker	102	179	186	173
Lyrikk	3	6	5	3
Romanar	311	361	503	479
Songbøker	2	4	6	2
Sp. brukargr.*	3	0	0	0
Totalt	624	770	915	925
Samisk litteratur	6	7	20	7
Fleispråklege bøker			16	1

* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



Norsk og omsett litteratur 2005 – fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	5				5
Biletbøker	55	11	106	18	190
Dramatikk	1				1
Eventyr			1	18	19
Fagbøker	65	8	108	5	186
Lyrikk	3	2			5
Romanar	135	75	206	87	503
Songbøker	4	2			6
Sp. brukargr.					0
Totalt	268	98	421	128	915

Norsk og omsett litteratur 2006 – fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	8				8
Biletbøker	87	9	121	33	248
Dramatikk	2				2
Eventyr	2	4	4		10
Fagbøker	45	9	109	8	173
Lyrikk	3				3
Romanar	143	74	189	73	479
Songbøker	2				2
Sp. brukargr.					0
Totalt	292	96	423	114	925

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996–2004, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordelte på originalspråk 2005

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Færøysk	Inuittisk	Islandsk	Italiensk	Nederlandsk	Persisk	Sarmisk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar															
Biletbøker	5	78	2	2		1			1				25	10	
Dramatikk															
Eventyr	15	1													3
Fagbøker	2	77		11									22	1	
Lyrikk															
Romanar	21	178		8	1		1	5		1	1	1	51	25	
Songbøker															
Sp. brukargr.															
Totalt	43	334	2	21	1	1	1	5	1	1	1	1	98	36	3

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

For statistikk 1996–2004, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordelte på originalspråk 2006

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Gresk	Hebraisk	Islandsk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Russisk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar															
Biletbøker	5	98	3	4						8	2		28	5	1
Dramatikk															
Eventyr	1		1											2	
Fagbøker		92		5				1					15	4	
Lyrikk															
Romanar	21	143		2	1	1	1	3	1		1	1	51	25	
Songbøker															
Sp. brukargr.															
Totalt	27	333	4	11	1	1	1	4	1	8	2	3	96	44	1

Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	2004	2005	2006
Generelle skrifter	1	4	8	2
Filosofi	2	5	10	2
Religion	21	24	27	33
Samfunnskunnskap, -orientering	7	7	15	10
Språk	1	2	7	7
Naturvitskap, økologi	33	46	36	32
Praktisk vitenskap, Oppfinningar	13	26	31	20
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	32	20	23
Litteratur	0	1	0	2
Geografi og historie	7	32	32	42
Totalt	102	179	186	173

Det totale utgivingstalet for 2006 er ikkje vesentleg høgare enn for 2005 (925 i 2006 mot 915 i 2005). Talet omfattar både norske og omsette bøker, og nye og tidlegare utgitte tekstar.

Nye opplag er ikkje med i statistikken, så «tidlegare utgitte tekstar» vil seie nye *utgåver* av tekstar som er gitt ut før. Om lag tre fjerdedelar av alle bøkene som kom ut i 2006 var nye, og dette forholdstalet har heller ikkje endra seg særleg dei siste tre åra.

Dei omsette bøkene utgjør 60 % av det totale utgivingstalet. Engelsk er framleis språket det blir omsett mest frå: I 2006 var over halvparten av dei omsette bøkene omsette frå engelsk. Det er særleg bildebøker basert på ulike seriekonsept, filmar og tv for dei aller minste som driv opp dette talet. Deretter kjem svenske bøker, som utgjør nesten 20% av omsetjingane, følgt av tyske og danske titlar. Av dei svenske, tyske og danske omsetjingane er det flest av det som i statistikken blir kalla romanar, det vil seie den skjønnlitterære prosaen som ikkje er bildebøker.

Rundt 250 av det totale utgivingstalet er nye norske bøker, og litt over ein tiendedel av bøkene er skrivne på nynorsk. Romanar, bildebøker og fagbøker utgjør dei største bokgruppene. Av dei blei det gitt ut rundt 100 romanar, i overkant av 50 bildebøker og nærmare 50 fagbøker i 2006. Dei norske fagbøkene er nokså jamt fordelte ut over faggruppene, bortsett frå ei overvekt av bøker innanfor historie og geografi. For dei omsette fagbøkene derimot

er fordelinga meir ujamn. Generelt blir det omsett flest bøker om naturvitskap, geografi og kristne tema.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å støtte ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar som blir sende ut til folke- og skolebiblioteka. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Antal utgitte bøker for barn i Skandinavia

Land	1990	2004	2005	2006
Norge	630	770	915	925
Sverige	1080	1412	1493	1515
Danmark	1251	1844	1708	1782

Kjelder:

Norge: Norsk barnebokinstitut

Sverige: Svenska barnboksinstutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Skjønnlitteratur	1990	2004	2005	2006
Andre utgivingar*	194	220	203	245
Påmelde	119	131	149	150
Innkjøpte	97	114	129	121

Faglitteratur	1990	2004	2005	2006
Andre utgivingar*	21	65	65	47
Påmelde		45	45	46
Innkjøpte		22	20	19

Kjelder for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutt statistikk. For 1990 er det teke med nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. Frå og med 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkluderte.